

Møteprotokoll for Heradsstyret

Møtedato: 17.06.2020
Møtestad: Osterøy ungdomsskule - aulaen
Møtetid: kl. 16:00 – kl. 23:10

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Asgeir Presttun	SP	Medlem
Frode Flesland	SP	Medlem
Hjalte Heimir Gislason	H	Varaordfører
Aksel Mjøs	H	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Johannes Myklebust Bysheim	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Medlem
Jørgen Varden	AP	Medlem
Kjersti Ingolvdotter Vevatne	V	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem
Bjarte Hammer Aarland	KRF	Medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Medlem
Trude Tomren	MDG	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Henrik Øksnes	FRP	Medlem
Ellinor Therese Birkeland	FRP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Kim Andre Hartveit	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Sigmund Faugstad	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Ole Johannes Mjøs	H	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem

Elin Hege Brumer Bratvold Lona	SV	Medlem
-----------------------------------	----	--------

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Berit Ophus	SP	Vara i sakene 033 og 047/20
Kjellaug Hartveit	SP	Vara i sak 047/20
Sebastian Andre Haugland	H	Ole Johannes Mjøs
Alexander Thunestvedt	AP	Vara i sak 033/20
Evy Bysheim Pedersen	AP	Vara i sakene 033 og 047/20
Roald Åge Kleppe	SV	Tone Mjelde
Synne Thunestvedt	SV	Elin Hege Brumer Bratvold Lona
Bjørn Kato Melchersen	FRP	Vara i sakene 033 og 047/20
John Tysse	FRP	Vara i sak 033/20

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen og politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
029/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
030/20	Godkjenning av møtebok
031/20	Tilbod om opptak i forsøksordning om statleg finansiert eldreomsorg frå 2021
033/20	Prosjekt Arena for Næringsutvikling
047/20	Utgreiing av erverv av eigedom til samlokalisering av tenester
032/20	1. Tertialrapport 2020
034/20	Planstrategi 2020-2024
035/20	Dagsturhytte
036/20	Innstilling om støtte til intensjonserklæring
037/20	Alkoholpolitisk handlingsplan for Osterøy kommune 2016 - 2020 - vidareføring for ny periode
038/20	Fornyng av salsløyve for alkohol - perioden 2020 - 2024
039/20	Fornyng av salsløyve for alkohol - perioden 2020 - 2024 - Vinmonopolet
040/20	Val av meddommar for lagmansrett for perioden 2021-2024
041/20	Val av meddommarar til tingretten for perioden 2021 - 2024
042/20	Val av forliksrådsmedlemmer
043/20	Val av jordskifteretten for perioden 2021-2024
044/20	Val av skjønnsmedlemmer for perioden 2021 - 2024
045/20	Interpellasjonar/spørsmål til heradsstyremøtet 17. juni

- 046/20 Prioriteringslister frå trafikksikringsnemda
- 048/20 Uttreden av rolle som varamedlem i Heradsstyre for perioden 2019-2023, for SP, grunna fråflytting

029/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

17.06.2020 HERADSSTYRET

Alf T. Mortensen, FRP, etterlyste sak om årsrekneskapet for 2019 og sak om revidert budsjett. Han varsla og eit spørsmål til slutten av møtet.

Rådmannen, viste til at revisjonen ikkje var ferdig med sitt arbeid i tide til å få saka ut til dette møtet. Fristen for handsaming av årsrekneskapet er utsett grunna koronasituasjonen. Saka vert lagt fram i ekstra heradsstyremøte 09. september.

Ordføraren gjorde framlegg om å trekkja sak 042/20 frå sakslista og senda den tilbake til Valnemnda til ny handsaming.

Heradsstyret slutta seg samrøystes til framlegget.

Ordføraren gjorde framlegg om å endra saksrekkjefølgja, slik at sakene 033 og 047 vert handsama tidleg i møtet av omsyn til innkalla varamedlemmer.

Heradsstyret slutta seg samrøystes til framlegget.

Det var ikkje andre merknader til innkalling og saksliste.

HS - 029/20 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent med slike endringar som vedteke i møtet.

030/20: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå vert godkjend.

17.06.2020 HERADSSTYRET

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 27.05.2020.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HS - 030/20 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 27.05.2020 vert godkjend.

031/20: Tilbod om opptak i forsøksordning om statleg finansiert eldreomsorg frå 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Osterøy kommune takkar nei til tilbod om opptak i forsøksordning for statleg finansiert helse- og omsorgstenester.

10.06.2020 FORMANNSKAPET

Sektorleiar helse, sosial og omsorg var til stades i møtet ved formannskapet si behandling.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg til vedtak: "Osterøy kommune takkar ja til tilbod om opptak i forsøksordning om statleg finansiert eldreomsorg frå 2021. Grunngeving: Ordninga har konsekvensar for økonomien i frå 2021. Det er tala for 2019 som vil liggja til grunn, og det ser ut til at det vil ha ein positiv konsekvens for kommuneøkonomien. Ordninga vil gje oss endå betre oversikt over ressursbruk i tenestene. Tidlegare utgreiingar av tenestene viser at kommunen brukar langt over landsgjennomsnittet i kostnader til helse og omsorg. Å få statleg finansiert eldreomsorg kan vera med å visa myndigheitene dei utfordringane som Osterøy kommune står i, og dermed få hjelp til å finne løysingar. Dette kan på sikt ha ein positiv konsekvens for kommunen."

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde slikt framlegg: "Saka vert send til heradsstyret utan innstilling."

AVRØYSTING

FRP sitt framlegg	- fall med 6 røyster (3SP,2AP,1KRF) mot 2 røyster (2FRP)
Jarle Skeidsvoll sitt framlegg	- fall med 5 røyster (3SP,2AP,) mot 3 røyster (1KRF,2FRP)
Rådmannen sitt framlegg	- tilrådd med 5 røyster(3SP,2AP) mot 3 røyster (2FRP,1KRF)

FS - 042/20 VEDTAK:

Innstilling til heradsstyret:

"Osterøy kommune takkar nei til tilbod om opptak i forsøksordning for statleg finansiert helse- og omsorgstenester."

17.06.2020 HERADSSTYRET

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune takkar ja til tilbod om opptak i forsøksordning for statleg finansiering av helse- og omsorgstenester."

AVRØYSTING

- | | | |
|--------------------------------|---|--|
| Alf T. Mortensen sitt framlegg | - | fall med 17 røyster (5SP,4AP,4H,2SV,1MDG,1V)
mot 10 røyster (7FRP,3KRF) |
| Formannskapet si innstilling | - | vedteken med 17 røyster (5SP,4AP,1MDG,1V,4H,2SV)
mot 10 røyster (7FRP,3KRF) |

HS - 031/20 VEDTAK:

"Osterøy kommune takkar nei til tilbod om opptak i forsøksordning for statleg finansiert helse- og omsorgstenester."

Sak 033/20 vart handsama etter sak 031/20, jfr. vedtak om endra saksrekkefølge.

033/20: Prosjekt Arena for Næringsutvikling

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune utset «forprosjekt Arena for Næringsutvikling» på ubestemt tid. Heradstyret ber Osterøy Utvikling AS om å utvikle eit samarbeid med kommunen vv/sector for samfunnsutvikling med basis i banklokalet på Lonevåg og den årlege løyvinga på 150.000,- til næringsarbeid i kommunen. Heradsstyret ber om ei oversikt frå Osterøy Utvikling AS innan 01.04.2020 på konkrete tiltak som kan gjennomføres innan ramma på 150.000,- og dei ressursane som Osterøy kommune v/sector for Samfunnsutvikling disponerar.»

05.02.2020 FORMANNSKAPET

Johannes M. Bysheim, AP, bad om vurdering av sin gildskap som styremedlem i Osterøy utvikling AS. Formannskapet tok og opp spørsmål om gildskap for Rita Tveiten, AP, som styreleiar i Osterøy utvikling AS og Ragnar J. Tyssebotn, FRP, som styremedlem i Osterøy utvikling AS.

Dei tre tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Berit M. Borge, H og Henrik Øksnes, FRP, møtte som vara - 8 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING - gildskap

- | | | |
|---------------------|---|-----------------------------|
| Johannes M. Bysheim | - | vart samrøystes kjend ugild |
| Rita Tveiten | - | vart samrøystes kjend ugild |

Ragnar J. Tyssebotn - vart samrøystes kjend ugild
Vedtaket vart gjort med heimel i fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e, nr. 2 *En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller treffe til å treffe avgjørelse ei en forvaltnings sak når han er medlem av styret ... for et selskap som er part i saken.*

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 17.05 - kl. 17.10 med gruppemøte for FRP og for V og H.

Ordføraren gjorde slikt framlegg: "Saka vert oversend heradsstyret utan innstilling."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	0 røyster
Ordføraren sitt framlegg	-	samrøystes

FS - 008/20 VEDTAK:

"Saka vert oversend heradsstyret utan innstilling."

19.02.2020 HERADSSTYRET

Rita Tveiten, AP, bad om vurdering av sin gildskap som styreleiar i Osterøy utvikling AS.

Johannes M. Bysheim, AP, bad om vurdering av sin gildskap som styremedlem i Osterøy Utvikling AS.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av sin gildskap som styremedlem i Osterøy Utvikling AS.

Sigmund Faugstad, FRP, bad om vurdering av sin gildskap som styremedlem i Osterøy Utvikling AS.

Dei fire tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Alexander Thunestvedt, AP, Herdis Helle, AP og John Tysse, FRP møtte som vara - 26 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING - gildskap

Rita Tveiten	- vart samrøystes kjend ugild
Johannes M. Byheim	- vart samrøystes kjend ugild
Ragnar J. Tyssebotn	- vart samrøystes kjend ugild
Sigmund Faugstad	- vart samrøystes kjend ugild

Vedtaket vart gjort med heimel i fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e, nr. 2 *En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller treffe til å treffe avgjørelse ei en forvaltnings sak når han er medlem av styret ... for et selskap som er part i saken.*

Hjalte H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett til neste heradsstyremøte (1. april 2020)."

AVRØYSTING - utsetjing

Framlegget vart samrøystes vedteke

HS - 004/20 VEDTAK:

"Saka vert utsett til neste heradsstyremøte (1. april 2020)."

17.06.2020 HERADSSTYRET

Saka vart handsama etter sak 031/20, jfr. vedtak i sak 029/20 om endra saksrekkjefølgje.

Ordføraren, viste til tidlegare handsaming av gildskapsspørsmål i saka og bad om gildskapsvurdering av Rita Tveiten, AP, som styreleiar, Ragnar J. Tyssebotn, FRP, Sigmund Faugstad, Johannes M. Bysheim, AP som styremedlemmer og Frode Flesland, SP som varamedlem i styret i Osterøy utvikling AS - dei tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Alexander Thunestvedt, AP, Bjørn K. Melchersen, FRP, John Tysse, FRP, Evy B. Pedersen, AP og Berit Ophus, SP møtte som vara - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING gildskap

Johannes Bysheim, AP	- vart kjend ugild - samrøystes
Rita Tveiten ugild, AP	- vart kjend ugild - samrøystes
Ragnar Tyssebotn, FRP	- vart kjend ugild - samrøystes
Sigmund Faugstad, FRP	- vart kjend ugild - samrøystes

Vedtaket vart gjort med heimel i fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e, nr. 2 *En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller treffe til å treffe avgjørelse ei en forvaltningssak når han er medlem av styret ... for et selskap som er part i saken.*

Frode Flesland, SP - vart kjend gild med 26 røyster mot 1 røyst (1AP)
Heradsstyret fann at det ikkje låg føre opplysningar som tilsa ugildskap etter fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e, og at det heller ikkje er kome fram opplysningar om andre forhold som fører til ugildskap etter fvl. § 6, 2. ledd ... *likeså er han ugild når andresæregne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet...*

Frode Flesland, SP, kom tilbake til møtet og Berit Ophus, SP, gjekk frå møtet - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 17.20 - kl. 17.25.

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg: "1. Osterøy kommune avsluttar «forprosjekt Arena for Næringsutvikling» frå og med 1. juli 2020 og resterande midlar vert overført til kommunen sitt disposisjonsfond. Heradsstyret ber Osterøy Utvikling AS om å levere rapport om det arbeid som var utført og oppsummera den læringa forprosjektet har gjeve for framtidig bruk innan 1. september 2020. Del av den årlege løyvinga på 150.000,- til næringsarbeid vert brukt til å melda kommunen inn i Nordhordland næringslag som tiltak for regionalt samarbeid for næringsutvikling. Resten kan brukast til anna næringsarbeid."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde slikt framlegg til vedtak: «Osterøy kommune godkjenner «forprosjekt

Arena for Næringsutvikling» med følgende endring: *Mål for prosjektet (Å «finne svaret på hvilken rolle Osterøy kommune og deres heleide kommunale selskap Osterøy Utvikling AS skal ha i arbeidet med næringsutvikling i fremtiden. Det skal komme med forslag til hvordan arbeidet med næringsutvikling på Osterøy skal organiseres og finansieres i samarbeid med andre aktører og i grenseflaten opp mot andre kommuner i regionen. Forprosjekt skal berede grunnen for et samarbeid mellom kommunen og andre aktører og jobbe frem forslag til hvilke tiltak det vil være fornuftig at «Næringsutvikling Osterøy» skal jobbe med»)* skal realiserast innan første kvartal 2021. Ramma for Osterøy kommune sitt bidrag til prosjektet vert justert tilsvarande.

Framlegget vart ikkje røysta over, sjå nytt endra framlegg.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 18.40 - kl. 18.05 med gruppemøte for SP og for FRP.

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde på vegner av KRF og FRP slikt endra framlegg: «Osterøy kommune godkjenner «forprosjekt Arena for Næringsutvikling» med følgende endring: Prosjektet (*med Mål: Å «finne svaret på hvilken rolle Osterøy kommune og deres heleide kommunale selskap Osterøy Utvikling AS skal ha i arbeidet med næringsutvikling i fremtiden. Det skal komme med forslag til hvordan arbeidet med næringsutvikling på Osterøy skal organiseres og finansieres i samarbeid med andre aktører og i grenseflaten opp mot andre kommuner i regionen. Forprosjekt skal berede grunnen for et samarbeid mellom kommunen og andre aktører og jobbe frem forslag til hvilke tiltak det vil være fornuftig at «Næringsutvikling Osterøy» skal jobbe med»*) skal fullførast og leggest fram til politisk behandling i første heradstyremøte i 2021. Ramma for Osterøy kommune sitt bidrag til prosjektet vert sett til totalt kr 3,5 mill. Det vert òg føresett at rekneskap for bruk av kommunen sine midlar til denne satsinga vert lagt fram i første heradstyremøte hausten 2020."

Jørgen Varden, AP, gjorde slikt framlegg til vedtak: "Mandatet for prosjekt Arena for Næringsutvikling vert lagt til grunn for gjennomføring som planlagt. Kriterier for økonomi utover det som er fastlagt ved økonomiske rammer må avklarast med rådmannen.

Hjalte H. Gislason, H, trekte sitt framlegg.

Ordføraren trekte rådmannen sitt framlegg.

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Fellesframlegg frå KRF/FRP	-	23 røyster (3KRF,5SP,4H,7FRP,2SV,1MDG,1V)
Jørgen Varden sitt framlegg	-	4 røyster (4AP)

HS - 033/20 VEDTAK:

«Osterøy kommune godkjenner «forprosjekt Arena for Næringsutvikling» med følgende endring: Prosjektet (*med Mål: Å «finne svaret på hvilken rolle Osterøy kommune og deres heleide kommunale selskap Osterøy Utvikling AS skal ha i arbeidet med næringsutvikling i fremtiden. Det skal komme med forslag til hvordan arbeidet med næringsutvikling på Osterøy skal organiseres og*

finansieres i samarbeid med andre aktører og i grenseflaten opp mot andre kommuner i regionen. Forprosjekt skal berede grunnen for et samarbeid mellom kommunen og andre aktører og jobbe frem forslag til hvilke tiltak det vil være fornuftig at «Næringsutvikling Osterøy» skal jobbe med») skal fullførast og leggast fram til politisk behandling i første heradstyremøte i 2021. Ramma for Osterøy kommune sitt bidrag til prosjektet vert sett til totalt kr 3,5 mill. Det vert òg føresett at rekneskap for bruk av kommunen sine midlar til denne satsinga vert lagt fram i første heradstyremøte hausten 2020."

Sak 047/20 vart handsama etter sak 033/20, jfr. vedtak om endra saksrekkefølge.

047/20: Utgreiing av erverv av eigedom til samlokalisering av tenester

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Osterøy kommune kjøper Gnr/Bnr4/100 som tomt/bygg for samlokalisering av brann, ambulanse og tekniske tenester.
2. Kostnadsramma for prosjektet vert sett til kr 40 650 000,- ekskl mva.»

06.05.2020 FORMANNSKAPET

Eirik Milde, innleigd konsulent i saka, fekk før handsaminga høve til å presentera saka. Det vert også lagt fram dokument "Samanlikning tomtepris Oddalsmyr, ON, Hagebø" i møtet.

Framlegg til vedtak foreslått av: Hjalti H. Gislason, Høyre:

«Osterøy kommune kjøper Gnr/Bnr 4/122 og 4/143 (tomt K5 og K6 i plannr. 125320070100 «Oddalsmyra næringspark») som tomt for samlokalisering av brann, ambulanse og tekniske tenester.

Grunngjeving:

- desse er allereie regulert til offentleg areal og ein slepp prosess med omregulering/dispensasjon
- avstand til Osterøytunet vert i kjøretid under 2 minutt
- viktig direkte påkobling til hovudfartsåre og eit vidare trafikksystem for ambulanse
- gode moglegheiter for bygg som er skreddarsydd for føremålet
- treng ikkje å ta omsyn til bumiljømiljø, sentrumsformål og interntrafikk på Hauge
- skåner ei god næringstomt på Hauge som er sentralt lokalisert og nær inn på andre bedrifter
- stort nok areal på om lag 9 mål til alle skildra behov
- nybygg vil utsetja full finansieringsbelastning til bygget står ferdig."

Framlegg foreslått av: Henrik Øksnes, FRP:

«Saka vert oversendt heradstyret utan innstilling. Det vert arrangert synfaring på områda før heradstyremøtet. Helst med heile heradstyret, alternativt med formannskap og representantar frå parti som ikkje møter der. Det vert innhenta skriftleg uttale om alle eigedomane frå Osterøy

brannvern og Helse Bergen samt andre aktuelle leigetakarar.”

Avrøysting:

FRP sitt framlegg - om ingen innstilling i saka - fall med 7 røyster (2SP, 2AP, 1H, 1SV, 1KRF) mot 2 røyster (2FRP)

Alternativ avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg mot Hjalti H. Gislason, Høyre, sitt framlegg vert avrøysta slik:

Rådmannen sitt framlegg:	5 røyster (2SP, 2AP, 1SV)
Hjalti H. Gislason, Høyre, sitt framlegg:	4 røyster (2FRP, 1H, 1KRF)

Formannskapet slutta seg til å ha synfaring for gruppeleiarane før heradsstyret si handsaming.

FS - 033/20 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. **Osterøy kommune kjøper Gnr/Bnr4/100 som tomt/bygg for samlokalisering av brann, ambulanse og tekniske tenester.**
2. **Kostnadsramma for prosjektet vert sett til kr 40 650 000,- ekskl mva.»**

27.05.2020 HERADSSTYRET

Frode Flesland SP, bad om vurdering av sin gildskap i saka, då han er eigar av areal i Espevoll Næringsområde, der han i tillegg har avtalar med Osterøy Entreprenør AS om utvikling og utbygging.

Johannes M. Bysheim, AP, bad om vurdering av gildskap i saka då hans svoger er son til eigar av Torbo Eigedom AS.

Johannes Haugland, SP, bad om vurdering av sin gildskap i saka då kommunen leiger lokale til brannstasjon og tekniske tenester i sonen sitt bygg på Hauge.

Ellinor Birkeland, FRP, bad om vurdering av sin gildskap i saka som nabo til eigar av Osterøy Entreprenør AS.

Dei tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap. Berit Ophus, SP, Arnstein Borge, AP, Jon Daltveit, SP og Bjørn Kato Melchersen, FRP, møtte som vara - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING - gildskap

Johannes Haugland, SP, vart kjend gild med 15 røyster (2FRP,2KRF,4AP,1SP,4H,1MDG,1V) mot 12 røyster (5FRP,1KRF,4SP,2SV)

Frode Flesland, SP, vart kjend gild med 23 røyster (4AP,5SP,2SV,3H,1MDG,1V,5FRP,2KRF) mot 4 røyster (1H,1KRF,2FRP)

Johannes M. Bysheim, AP, vart kjend gild - samrøystes

Ellinor Birkeland, FRP, vart kjend gild - samrøystes

Grunngjeving:

Heradsstyret fann at det ikkje låg føre opplysningar som gjer dei ugilde etter fvl. § 6, 1. ledd, bokstav a – e.

Ein fann heller ikkje at det låg føre opplysningar som gjer at dei må kjennast ugild etter same lov, 2. ledd: "Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til."

Frode Flesland, SP, Johannes Bysheim, AP, Johannes Haugland, SP og Ellinor Birkeland, FRP kom tilbake til møtet - Berit Ophus, SP, Arnstein Borge, AP, Jon Daltveit, SP og Bjørn Kato Melchersen, FRP gjekk frå møtet - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Ordføreren stadfesta i møtet at ei plassering av bygget som vil gje auka innsatstid for brannvesenet vil krevja dispensasjon frå DSB. Dispensasjonssøknaden må gjera greie for avbøtande tiltak som t.d. auka bemanning på sjukeheimen, kasernert mannskap eller anna. Brannvesenet kan senda søknad på kommunen sine vegner.

Ellinor T. Birkeland, FRP, gjorde slikt fellesframlegg frå delar av FRP, V, H og KRF til vedtak: "1. Osterøy Kommune kjøper 5 daa stor tomt på Oddalsmyra- gnr/bnr 4/122 og 4/143- (tomt K5 og deler av tomt K6 i planer 12532007100 "Oddalsmyra Næringspark" for samlokalisering av brann, ambulanse og tekniske tjenester. 2. Osterøy Kommune inngår opsjonsavtale med grunneier, med 5 års varighet, for evt kjøp av tilgrensande tomteareal (restareal på 3,6 daa av tomt K6) for å sikre et eit behov for utvidelse."

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune kjøper Torbo Eigedom AS Gnr.4 Bnr.97, Gnr.4 Bnr.88, Gnr.4 Bnr.108, næraste nabo til Osterøy kommune sine eigedomar på Hauge. Dermed vil Osterøy kommune få meir areal til også framtidig bygging av Omsorg pluss."

AVRØYSTING

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - fall med 24 røyster (4FRP,4H,5SP,4AP,2SV,1MDG,3KRF,1V)
mot 3 røyster (3FRP)
Fellesframlegg frå FRP,H,V,KRF,MDG - fall med 14 røyster (4AP,5SP,2SV, 3FRP)
mot 13 røyster (4FRP,4H,3KRF,1V,1MDG)
Formannskapet sitt framlegg - vedteke med 14 røyster (4AP,5SP,2SV,2FRP,1H)
mot 13 røyster (5FRP,3H,1V,3KRF,1MDG)

Ole J. Mjøs, H, gjorde i slutten av møtet merksam på at han hadde stemt feil i saka, og bad om ny avrøysting.

Det vart halde ny avrøysting i saka til slutt i møtet etter sak 027/20.

AVRØYSTING

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - fall med 24 røyster (4FRP,4H,5SP,4AP,2SV,1MDG,3KRF,1V)
mot 3 røyster (3FRP)
Fellesframlegg frå FRP,H,V,KRF,MDG - fall med 14 røyster (4AP,5SP,2SV, 3FRP)
mot 13 røyster (4FRP,4H,3KRF,1V,1MDG)
Formannskapet sitt framlegg - vedteke med 14 røyster (4AP,5SP,2SV,3FRP)
mot 13 røyster (4FRP,4H,1V,3KRF,1MDG)

HS - 023/20 VEDTAK:

"Osterøy kommune kjøper Gnr/Bnr4/100 som tomt/bygg for samlokalisering av brann, ambulanse og tekniske tenester.

Kostnadsramma for prosjektet vert sett til kr 40 650 000,- ekskl mva.»

17.06.2020 HERADSSTYRET

Saka vart handsama etter sak 033/20, jfr. vedtak i sak 029/20 om endra saksrekkjefølgje.

Til møtet vart følgjande dokument ettersende:

-brev datert 15.06.2020 frå Helse Bergen v/adm.dir. Eivind Hansen

- Uttale frå Bergen brannvesen v/brannsjef Leif K. Linde.

- Oversikt over kontakt med Helse Bergen om lokalisering av ny ambulansestasjon på Osterøy

Ordføraren viste til tidlegare handsaming av saka og bad om gildskapsvurdering for

Johannes Haugland, SP, då kommunen leiger lokale til brannstasjon og tekniske tenester i sonen sitt bygg på Hauge.

Frode Flesland, SP, då han er eigar av areal i Espevoll Næringsområde, der han i tillegg har avtalar med Osterøy Entreprenør AS om utvikling og utbygging.

Ellinor Birkeland, FRP, som nabo til eigar av Osterøy Entreprenør AS.

Øyvind Litland, AP, grunna familietilknytning til tomteeigar på Oddalsmyra (tidlegare svigerfar)

- Dei tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Berit Ophus, SP, Kjellaug Hartveit, SP, Alexander Thunestvedt, AP og Bjørn K. Melchersen, FRP møtte som vara - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING gildskap

Johannes Haugland, SP, vart kjend ugild med 26 røyster mot 1 røyst (1H)

Heradsstyret fann at det ikkje låg føre opplysningar som gjer han ugild etter fvl. § 6, 1. ledd, bokstav a – e.

Ein fann likevel at familietilknytninga til utleigar av lokale til kommunen gjer at han må kjennast ugild etter same lov, 2. ledd: "*Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til*, og heradsstyret fann at i denne saka kan utfallet vera til særleg fordel eller ulempe for sonen som utleigar.

Frode Flesland, SP, vart kjend gild - samrøystes

Heradsstyret fann at det ikkje låg føre opplysningar som gjer han ugild etter fvl. § 6, 1. ledd, bokstav a – e.

Ein fann heller ikkje at det låg føre opplysningar som gjer at han må kjennast ugild etter same lov, 2. ledd: "*Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til*, då ein la til grunn at hans kontakt med ein part i saka ikkje inneber at det ligg føre "andre særegne forhold" som gir grunnlag for å kjenna han ugild.

Øyvind Litland, AP, vart kjend gild med 26 røyster mot 1 røyst (1FRP)

Heradsstyret fann at det ikkje låg føre opplysningar som gjer han ugild etter fvl. § 6, 1. ledd, bokstav a – e.

Heradsstyret fann han heller ikkje ugild etter fvl. § 6, 2 ledd: "*Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.*", då heradstyret fann at tidlegare familieforhold etter så lang tid ikkje kan vurderast som "særegne forhold" som gir grunnlag for å kjenna han ugild.

Det vart no teke opp spørsmål om gildskap for Jørgen Varden, AP, som nabo til R. Hagebø, eigar av Gnr/Bnr4/100 Hauge.

Jørgen Varden, AP, tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Evy B. Pedersen, AP, møtte som vara - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades

AVRØYSTING gildskap

Ellinor Birkeland, FRP, var kjend gild - samrøystes

Jørgen Varden, AP, vart kjend gild - samrøystes

Grunngjeving:

Heradsstyret fann at det ikkje låg føre opplysningar som gjer dei ugilde etter fvl. § 6, 1. ledd, bokstav a – e.

Ein fann heller ikkje at det låg føre opplysningar som gjer at dei må kjennast ugild etter same lov, 2. ledd: "*Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til*", då naboskap i seg sjølv ikkje gir grunnlag for kjenna nokon ugild i ei sak.

Frode Flesland, SP, Øyvind Litland, AP, Ellinor Birkeland, FRP og Jørgen Varden, AP, kom tilbake til møtet - Kjellaug Hartveit, SP, Bjørn K. Melchersen, FRP, Alexander Thunestvedt, AP og Evy B. Pedersen, AP, gjekk frå møtet - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Ordføreren, viste til at saka har vore krevande, og at han har vald å leggja den fram for heradsstyret på nytt, då mange i heradsstyret har vore usikre på om alle opplysningar i saka har kome fram. Han viste vidare til at val av tomten på Oddalsmyra truleg vil medføre krav om kompenserande tiltak grunna auka innsatstid for brannvernet.

Ellinor Birkeland, FRP, gjorde på vegner av FRP, KRF, MDG, V og H slikt framlegg: "1.Osterøy Kommune kjøper 5 daa stor ferdig planert tomt på Oddalsmyra- gnr/bnr 4/122 og 4/143 (tomt K5 og

deler av K6 i plannr. 125320071'00 "Oddalsmyra Næringspark") for samlokalisering av ambulanse, brann og redning, og tekniske tjenester.

2. Osterøy Kommune inngår opsjonsavtale med grunneier, 5 års varighet, for evt. kjøp av tilgrensande tomteareal (restareal på 3,6 daa av tomt K6) for å sikre areal for ein mogeleg utviding.
3. Total økonomisk ramme for prosjektet vert sett til kr 41. mill. eks mva.
4. Fast pris pr daa for ferdig planert tomt skal ikkje overstige 1, 5 mill.
5. Det er ein føresetnad for oppstart av prosjektet at det foreligg intensjonsavtale med Helse Bergen om leige."

Framlegget vart ikkje røysta over, sjå nytt fellesframlegg i saka.

Johannes M. Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett inntil uttale frå DSB ligg føre."

AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget fall med 23 røyster (7FRP,4H,5SP,3KRF,1MDG,1V,2SV) mot 4 røyster (4AP)

Ordføraren, gjorde slikt framlegg om tillegg punkt 6: "Vedtaket forutset godkjenning frå DSB om auka innsatstid uten kompenserande tiltak som vil føra til meirutgifter for kommunen."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 19.27 kl. 19.30 med gruppemøte for AP.

Ordføraren gjorde slikt framlegg om tillegg i punkt 5: "Det er ein føresetnad for oppstart av prosjektet at det foreligg intensjonsavtale med Helse Bergen om 10 års leige."

Ordføraren gjorde slikt felles framlegg: "1. Osterøy Kommune kjøper 5 daa stor ferdig planert tomt på Oddalsmyra- gnr/bnr 4/122 og 4/143 (tomt K5 og deler av K6 i plannr 12532007100 "Oddalsmyra Næringspark") for samlokalisering av ambulanse, brann og redning, og tekniske tenester.

2. Osterøy Kommune inngår opsjonsavtale med grunneigar, med 5 år varighet, for evt kjøp av tilgrensande tomteareal (restareal på 3,6 daa av tomt K6) for å sikre areal for ein mogeleg utviding.
3. Total økonomisk ramme for prosjektet vert sett til kr 41. mill. eks mva.
4. Fast pris pr daa for ferdig planert tomt skal ikkje overstige 1, 5 mill.
5. Det er ein føresetnad for oppstart av prosjektet at det foreligg intensjonsavtale om med Helse Bergen om leige i minimum 10 år.
6. Vedtaket forutset godkjenning frå DSB om auka innsatstid uten kompenserande tiltak som vil føra til vesentlege meirutgifter for kommunen."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Fellesframlegget	-	samrøystes vedteke
Tidlegare H-vedtak (sak 023/20)	-	0 røyster

HS - 047/20 VEDTAK:

- "1. Osterøy Kommune kjøper 5 daa stor ferdig planert tomt på Oddalsmyra- gnr/bnr 4/122 og 4/143 (tomt K5 og deler av K6 i plannr 12532007100 "Oddalsmyra Næringspark") for samlokalisering av ambulanse, brann og redning, og tekniske tenester.**
- 2. Osterøy Kommune inngår opsjonsavtale med grunneigar, med 5 år varighet, for evt kjøp av tilgrensande tomteareal (restareal på 3,6 daa av tomt K6) for å sikre areal for ein mogeleg utviding.**
- 3. Total økonomisk ramme for prosjektet vert sett til kr 41. mill. eks mva.**
- 4. Fast pris pr daa for ferdig planert tomt skal ikkje overstige kr 1, 5 mill.**
- 5. Det er ein føresetnad for oppstart av prosjektet at det forelegg intensjonsavtale om med Helse Bergen om leige i minimum 10 år.**
- 6. Vedtaket forutset godkjenning frå DSB om auka innsatstid uten kompensierende tiltak som vil føra til vesentlege meirutgifter for kommunen."**

Det vart halde pause i drøftingane etter sak 047/20 frå kl. 19.50 – kl. 20.05.
Etter pausen gjekk ein tilbake til handsaming etter rekkjefølgja på saklista.

032/20: 1. Tertialrapport 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomirapport pr. 1.tertial 2020 vert teken til vitande.

10.06.2020 FORMANNSKAPET

Økonomisjefen møtte og orienterte om rapporten. Sektorleiarane for helse, omsorg og sosial og oppvekst, undervisning og kultur var også til stades.

Rådmannen viste til at Telemarksforskning er i gang med analysearbeidet, og rapport frå dei vil bli lagt fram for formannskapet etter sommarferien. Rådmannen/leiarane vil arbeida med tiltak/omstilling gjennom sommaren.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 041/20 VEDTAK:

Innstilling til heradsstyret:

Protokoll frå heradsstyret 17.06.2020

Side 15

"Økonomirapport pr. 1.tertial 2020 vert teken til vitande."

17.06.2020 HERADSSTYRET

Rådmannen viste til vedteke revidert nasjonalbudsjett og at kommunen vil få opp mot kr 9 mill. frå Havbruksfondet i 2020. I 2021 vil det bli lågare inntekter frå eigedomsskatten.

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

HS - 032/20 VEDTAK:

"Økonomirapport pr. 1.tertial 2020 vert teken til vitande."

Sak 033/20 vart handsama etter sak 031/20, jfr. vedtak om endra saksrekkefølge.

034/20: Planstrategi 2020-2024

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 10-1 vert Kommunal planstrategi for Osterøy kommune 2020-2024, dagsett 20.05.20 vedteken som styrande verktøy av ressursar for perioden 2020-2024

03.06.2020 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Plansjef Pelle Engesæter var til stades og orienterte kort om framlegget til planstrategi for 2020 - 2024.

Aksel Mjøs, H, gjorde slikt framlegg: "Saka vert teken til vitande."

AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke

PL - 055/20 VEDTAK:

"Saka vert teken til vitande."

10.06.2020 FORMANNSKAPET

Ordføreren viste til framlegg til vedtak og gjorde merksam på at framlegget må ut på høyring før endeleg vedtak i heradsstyret, og gjorde slikt framlegg om tillegg: "Framlegget til planstrategi vert lagt på høyring før endeleg vedtak i heradsstyret, jfr. pbl. § 10-1."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg med slikt tillegg
som foreslått av ordføreren - samrøystes tilrådd.

FS - 043/20 VEDTAK:

Innstilling til heradsstyret:

"Med heimel i plan og bygningslova § 10-1 vert Kommunal planstrategi for Osterøy kommune 2020-2024, dagsett 20.05.20 vedteken som styrande verktøy av ressursar for perioden 2020-2024. Framlegget til planstrategi vert lagt på høyring før endeleg vedtak i heradsstyret, jfr. pbl. § 10-1."

17.06.2020 HERADSSTYRET

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg om tillegg: Tabell 4, 5 og 6 (side 29 og 30) i dokumentet vert oppdatert med ei kolonne som skildrar kva sektor planen høyrer til."

Trude Tomren, MDG, gjorde slikt framlegg om tillegg: "Det er eit politisk ynskje at at omsynet til biologisk mangfald og berekraftig ressursforvaltning får ein klar prioritet, og at kommunen sine representantar tar dette med seg inn i det vidare arbeidet."
Framlegget vart ikkje røysta over.

Ordføreren viste til at Interkommunal plan for sjøområde vil koma opp som eiga sak i heradsstyret.

Trude Tomren, MDG, trekte sitt framlegg.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for å implementere ein meir detaljert framdriftsplan der planavdelinga sjølve kjem med framlegg om når me kan vente dei ulike planane i arbeid.
Områdeplanar for Haus og Lonevåg bør handterast i planen."

Alf T. Mortensen, FRP, trekte sitt framlegg før avrøysting.

